## Invitasjon til fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

Korleis skal vi saman planlegge for framtida, er tema for fagdagan som det regionale støtteapparatet for Leve heile livet-reforma no inviterer til. Det regionale støtteapparatet skal hjelpe kommunane i arbeidet med å gjennomføre reforma lokalt. Støtteapparatet består av Fylkesmannen i Vestland, KS, Senter for omsorgsforskning, USHT, Fylkeseldrerådet og Vestland fylkeskommune.

### Plan og samarbeid på tvers i kommunane

Etter tilbakemeldingar frå dialogmøta i fjor, og kontakten KS har hatt ute i kommunane vil vi legge til rette for at sektorane i kommunane skal jobbe på tvers. Vi oppmodar derfor kommunane om brei deltaking på samlinga (3-5 personar), slik at plan- og helsefolk kan kome saman og jobbe på tvers. Fagdagen vil handle om aldersvenleg samfunnsplanlegging, og korleis løysingane i Leve heile livet-reforma kan utformast i planverk. Vi legg opp til arbeidsøker der kommunane får diskutere eigne utfordringa.

### Målgruppe

Rådmenn, planleggjarar, folkehelserådgjevarar, leiarar i helse- og omsorgstenestene, eldreråd, politikarar og andre som arbeider med dette innsatsområdet.

### Program og påmelding

Fylkesmannen dekkar dagpakke for fire personar, og det er bindande påmelding. Kommunane dekkar dagpakke utover desse fire, og dette gjer ein opp med hotella sjølve. Eventuelle utgifter til reise og overnatting må deltakarane ordne og betale sjølve. Informasjon, program og påmeldingsskjema vil de finne ved å trykke på lenkene under.

### Tid og stad

- [Nordfjordeid: 15. april 09.30 – 15.30 Nordfjord hotell](#)
- [Sogndal: 16. april, 09.30 – 15.30, Quality Hotel Sogndal](#)
- [Bergen: 29. april 09.30 – 15.30, Scandic Ørnen, Bergen sentrum](#)
- [Stord: 30. april 09.30 – 15. 30, Grand Hotell Stord](#)

Påmeldingsfristen er sett til 31. mars for samlingane på Nordfjordeid og i Sogndal, og 14. april for samlingane i Bergen og på Stord.



### **Kontaktperson i kommunane**

Støttegruppa ønskjer ein kontaktperson for arbeidet med Leve heile livet-reforma i kvar kommunane. Vi ber om at det blir meldt tilbake til Fylkesmannen i Vestland kven som vert kontaktperson i din kommune. Send namn og kontakinformasjon på denne kontaktpersonen til: [jawli@fylkesmannen.no](mailto:jawli@fylkesmannen.no).

### **Leve heile livet-reforma**

Reforma legg i denne fasen (2020-2021) opp til at kommunane skal kartlegge eigne behov og utfordringar, tilpasse og innarbeide tiltak i planverk. Det blir også lagt opp til at kommunane i løpet av 2020 skal behandle og vedta korleis reforma sine løysingar skal innarbeidast lokalt.

Med helsing

Åse Vaag  
fagdirektør

Janne Weltzien Listhaug  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



**Leve heile livet**  
*- en kvalitetsreform for eldre*





**Fra:** Fylkesmannen i Vestland <noreply@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** torsdag 27. februar 2020 04.14  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** Nyhendevarsel frå Fylkesmannen i Vestland



## Fylkesmannen i Vestland

27.02.2020 04:00:11

NYHENDEVARSEL FRÅ FYLKESMANNEN I VESTLAND

### [Korleis skal vi saman planlegge for framtida?](#)

26.02.2020 14:35:49

Vi inviterer til fagdag i Bergen om aldersvenleg samfunnsplanlegging for kommunane i Vestland. Hald av datoen for dei samlinga som passar for di kommune!

[Les mer](#)

### [Korleis skal vi saman planlegge for framtida?](#)

26.02.2020 14:25:57

Vi inviterer til fagdag på Nordfjordeid om aldersvenleg samfunnsplanlegging for kommunane i Vestland. Hald av datoen for dei samlinga som passar for di kommune!

[Les mer](#)

### [Korleis skal vi saman planlegge for framtida?](#)

26.02.2020 14:40:27

Vi inviterer til fagdag på Stord om aldersvenleg samfunnsplanlegging for kommunane i Vestland. Hald av datoen for dei samlinga som passar for di kommune!

[Les mer](#)

### [Korleis skal vi saman planlegge for framtida?](#)

26.02.2020 14:31:35

Vi inviterer til fagdag i Sogndal om aldersvenleg samfunnsplanlegging for kommunane i Vestland. Hold av datoen for de samlinga som passar for di kommune!

[Les mer](#)

---

Takk for at du abonnerer på nyhendevarselet vårt! Helsing Fylkesmannen i Vestland.

Denne e-posten vart sendt av Fylkesmannen i Vestland  
Trykk [her](#) for å endre varslingsinnstillingar

---

**Fra:** Postmottak Vaksdal  
**Sendt:** mandag 16. desember 2019 10.45  
**Til:** Solrun Hauglum  
**Emne:** VS: Nyhetsbrev fra Aldersvennlig Norge  
**Vedlegg:** Nyhetsbrev desember 2019.pdf

---

**Fra:** Ingrid Køhler Knutsen <[Ingrid.Kohler.Knutsen@helsedir.no](mailto:Ingrid.Kohler.Knutsen@helsedir.no)>  
**Sendt:** mandag 16. desember 2019 09:10  
**Emne:** Nyhetsbrev fra Aldersvennlig Norge

Nyhetsbrev fra Aldersvennlig Norge er ute nå og finnes vedlagt. Dette første nyhetsbrevet har en fyldig omtale av det nasjonale programmet for et aldersvennlig Norge.  
Vi ber om at nyhetsbrevet videresendes til aktuelle enheter og aktører i kommunen.

*Vennlig hilsen*



**Ingrid Køhler Knutsen**

Prosjektleder, Program for et aldersvennlig Norge  
tlf. (+47) 47 47 20 20 | mobil (+47) 402 26 475

Helsedirektoratet  
Postadresse: Pb 220 Skøyen, 0213 Oslo  
Besøksadresse: Vitaminveien 4, 0483 Oslo

# Nyhetsbrev

Aldersvennlig Norge

Desember 2019

## Eldre er mer enn omsorg

Vi blir flere eldre og vi lever lenger. Om få år er vi dobbelt så mange eldre som i dag. Mange av oss lever nesten en tredel av livet vårt som pensjonister. De fleste av disse årene som friske med uutnyttede ressurser. Eldrepolitikk er utvilsomt mer enn helse og omsorg.

Regjeringens program for et aldersvennlig Norge dreier seg om de friske eldre og det de representerer.

– Skal vi lykkes med en aldersvennlig fremtid må hele storsamfunnet involveres. Dette er et ansvar på tvers. De eldre har selv et ansvar for å bidra til at de får en bra alderdom. Næringsliv, offentlige virksomheter, stat, kommune og frivilligheten må forstå hva denne gruppen kan bidra med, sier Trude Drevland som leder rådet for et aldersvennlig Norge.

I 2016 la regjeringen frem strategien *Flere år – flere muligheter*, som i hovedsak retter seg mot personer i 60–70 årene som står mellom arbeidsliv og pensjonistliv. Strategien konkretiseres gjennom eldrereformen *Leve hele livet*. Reformen består av fem innsatsområder: et aldersvennlig Norge, aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp og sammenheng i tjenestene. Et aldersvennlig Norge operasjonaliseres gjennom et eget nasjonalt program som hovedsakelig retter seg mot aktører og sektorer utenfor helse- og omsorgssektoren.

Den demografiske endringen med flere eldre blir ofte presentert som trussel mot velferdsstaten og en utfordring for helse- og omsorgstjenestene i kommunene. Men faktum er at vi lever lenge som friske pensjonister. I aldersgruppen 67-79 år var det 12,6 prosent av befolkningen som brukte helse- og omsorgstjenester i 2017 (SSB). De mange, friske, spreke og aktive eldre er en ressurs for samfunnet.

Nordmenns pensjonsalder går sakte, men sikkert oppover. I gjennomsnitt pensjonerer vi oss når vi er 65,5 år (SSP). Årsaken til at folk pensjonerer seg tidlig er sammensatt. Noen ønsker det selv, mens andre føler at de må. Uavhengig av årsak er det mange gode, friske år som skal leves uten å skulle gå på jobb. Disse årene må fylles med meningsfullt innhold for å holde helseproblemene på avstand. Det er dette programmet for et aldersvennlig Norge har i oppdrag å jobbe for, både gjennom bevisstgjøring og gjennom konkret involveringstiltak.

---

## Programmet for et aldersvennlig Norge

Helsedirektoratet har fått et oppdrag for 2019–2020 med å etablere programmet som består av fem oppgaver:

1. Planlegg for egen alderdom – en kampanje på tilrettelegging av bolig, sosialt fellesskap og et aktivt liv
2. Eldrestyrt planlegging av aldersvennlige lokalsamfunn
3. Nasjonalt nettverk for aldersvennlige kommuner – basert på WHO's konsept
4. Partnerskapsordning for aldersvennlige organisasjoner, institusjoner, bedrifter og virksomheter
5. Ta i bruk seniorressursen i arbeidsliv og frivillig arbeid

Rådet for et aldersvennlig Norge ble etablert i 2019 og består av representanter for syv ulike organisasjoner og virksomheter og skal bidra til gjennomføringen av programmet. Rådet ledes av Trude Drevland. Programmet har sekretariatsfunksjon for rådet.

Fra 2021 skal det etableres et senter for et aldersvennlig Norge i Ålesund. Programmets arbeid vil videreføres av senteret. Senteret skal samlokaliseres med det nasjonale eldreombudet som etableres i 2020.

---

## Eldrerådene har aldri vært viktigere

– De eldre utgjør betydelige ressurser, ikke minst for lokalsamfunnet og nærmiljøet. Gevinstene er store dersom det legges til rette for at eldre kan delta aktivt med erfaring, kunnskap, tid og overskudd, sier Ingrid Køhler Knutsen, prosjektleder for programmet for et aldersvennlig Norge.

En av oppgavene i programmet handler om eldrestyrt planlegging, som betyr at de eldre selv må trekkes inn og engasjeres.

– Kommunene bør involvere eldre i arbeidet med å planlegge og utforme nærmiljø og lokalsamfunn. De kommunale og fylkeskommunale eldrerådene inviteres særskilt gjennom programmet til å ta del i arbeidet med å skape et aldersvennlig Norge, legger Knutsen til.

Høstens lokalvalg betyr også nye eldreråd i kommuner og fylkeskommuner. Og her har Aldersvennlig Norge sett det som viktig å skape oppmerksomhet og interesse for eldrerådernes funksjon og rolle i lokalsamfunnet.

Representanter for Aldersvennlig Norge med rådsleder Trude Drevland i spissen har deltatt på ulike arenaer og samlinger der kommunale og fylkeskommunale eldreråd møtes. Det har gitt gode muligheter til å få direkte dialog med eldrerådene.

I løpet av etableringsåret for programmet for et aldersvennlig Norge har Drevland deltatt på om lag 50 arrangementer. Tidligere i år ble utvalgte eldreråd invitert til dialogmøte for å dele innspill til arbeidet i programmet og hvordan programmet kan understøtte eldrerådene i deres arbeid. I mai skal det arrangeres en nasjonal konferanse for eldrerådene.

Eldres medvirkning er også en av grunnsteinene i Verdens helseorganisasjons konsept og nettverk for aldersvennlig byer og lokalsamfunn (WHO Global Network for Age-friendly Cities and Communities). Som en del av programmet for et aldersvennlig Norge har KS, kommunesektorens interesseorganisasjon, tatt på seg å utvikle modeller og nettverk for aldersvennlige lokalsamfunn i Norge. Her er rundt 80 kommuner med i arbeidet.

## Vi ønsker dialog

I programmet og rådet ligger det et betydelig informasjons- og kommunikasjonsbehov. Vi ønsker å ha en tett og god dialog med samfunnet rundt oss. Som en del av kommunikasjonsarbeidet har vi etablert en nettside som støttes av en Facebook-side. Dere finner nettsiden våre under [aldersvennlig.no](http://aldersvennlig.no) og [Aldersvennlig Norge](#) på Facebook. Vi har også produsert to filmer for inspirasjon og kunnskapsdeling. Den første kan ses [her](#), og den andre [her](#).

Etter hvert som dere blir bedre kjent med oss, håper vi dere vil ta kontakt og komme med innspill og forslag. Å skape et aldersvennlig samfunn handler om hva vi som samfunn kan gjøre for at eldre skal kunne delta, leve aktive liv og bevare sin selvstendighet så lenge som mulig. Samtidig handler det om den enkeltes ansvar for eget liv, helse og alderdom. Det er begge disse perspektivene vi i et Aldersvennlig Norge jobber for og skal jobbe for. Her trenger vi alles bidrag. Dette er et ansvar på tvers.

## **Til Formannskapet i Vaksdal og Eldrerådet i Vaksdal.**

### **Vedtatte endringar av bruker betaling for tryggleiksalarm tenesten.**

Pensjonistutvala i Norsk pensjonistforbund Dale og Vaksdal og Fagforbundet ser med uro på at framlegget frå Rådmannen om endringar i eigen andelen for tryggleiksalarm teneste. Ein auke på 25/30% er urovekkande når ein veit at det er dei svakaste i samfunnet som må svi.

Har verkeleg Vaksdal Kommune lov til etter komunelova å auka eigenbetalinga så mykje frå eit år til eit anna?

Det ville vera meir naturleg at betalinga vart justert etter indeksen.

Då budsjettet var oppe i Eldrerådet vart det ikkje informert om slike endringar i betalinga.

Alle tenester som vedgår eldre skal vera til uttale i Eldrerådet.

Pensjonistutvala ber om at Vaksdal Formannskap og Kommunestyre ser på dei foreslåtte satsar og tar dei nødvendige grep i denne saka.

Dale Pensjonistforbund Pensjonitutvalet i Fagforbundet Vaksdal Pensjonistforbund

Bjarnhild Helle

Agnar Sellevold

Albert Larsen

---

**Fra:** Agnar <agnar.sellevold@bkkfiber.no>  
**Sendt:** tirsdag 10. mars 2020 11:56  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Emne:** Uttale til Formanskap og Eldreråd  
**Vedlegg:** Uttale.docx

Hei, Ber om at denne mail går til Vaksdal Formanskap v/ ordfører og til Leiar for Eldrerådet



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

### ÅRSMELDING 2019 VAKSDAL ELDRERÅD

**Vedlegg:**

Årsmelding Eldrerådet 2019

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

**Saksopplysningar:**

I tråd med gjeldande lovverk skal Eldrerådet kvart år utarbeida ei årsmelding om verksemda si.

# Årsmelding 2019 Eldrerådet i Vaksdal.

## Eldrerådet sine oppgaver/føremål.

Eldrerådet er eit lovpålagt medverknadsorgan som vert valt av Kommunestyret for valperioden jamfør kommunelova. Føremålet med Eldrerådet er å sikra breid, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre.

## Samansetning:

Eldrerådet var fram til valet 2019 samansett slik:

Helge Risnes, leiar

Bjarnhild Helle, nestleiar

Agnar Sellevold

Sigmund Simmenes (politikar)

Karin Groth (politikar)

Etter valet hausten 2019 har Eldrerådet hatt denne samansetninga:

Heidi Rongved (politikar), leiar

Agnar Sellevold, nestleiar

Anna Bruvik

Ragnhild Margrethe Falch Vatle

Mona Grenasberg (politikar)

To av medlemma er politisk valde og tre er valde etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen.

## Saker i Eldrerådet.

Eldrerådet har i 2019 hatt 4 møte og behandla 28 saker, m.a.:

- NOU 2018:16 «Det viktigste først», prioriteringsmeldinga
- Eldredagen 2019
- Handlingsprogram og økonomiplan 2020-2023 for Vaksdal kommune
- Bygg for helse og omsorg – oppdatert moglegeheitsstudie med nytt alternativ 2B
- Tilrettelagt tursti i sentrumsnære område
- Temakveld for innbyggjarar
- Budsjett 2020 Vaksdal kommune

Prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal» med underprosjekt har vore fast orienteringssak på møta. Elles har Eldrerådet fått orientering om og gitt innspel til m.a. utarbeiding av brosjyrar på avdelingane i helse og omsorg, intervall for heimehjelp/praktisk bistand og sjuke-signalanlegg på sjukeheimane.

Eldrerådet har hatt representantar i:

- Styret i Frivilligsentralen
- Brukarutvalet for institusjonane
- Prosjektgruppa til prosjektprogrammet «Lev Vel i Vaksdal»
- Referansegruppa for forskingsprosjektet «MedvirkDem»
- Arbeidsgruppa for «Aktivitetsvenn for personar med demens»
- «Den kulturelle spaserstokken», planlegging og gjennomføring av arrangement

Medlem i Eldrerådet har delteke på Eldrerådskonferansen i Hordaland og samlingar knytt til eldrereforma «Leve hele livet».

Eldrerådet var arrangør av eldrefesten som markerar «Eldredagen» 1. oktober. Arrangementet var i Turbinen på Dale og var som vanleg vellukka med god oppslutnad.

Dale, 28.05.2020

Heidi Rongved /s/

Agnar Sellevold /s/

Anna Bruvik /s/

Ragnhild Margrethe Falch Vatle /s/

Mona Grenasberg /s/



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

### MARKERING AV ELDREDAGEN 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet vil markera Eldredagen 2020 på følgjande vis:

#### Saksopplysningar:

Det har vorte ein kjekk tradisjon i Vaksdal kommune at den internasjonale Eldredagen 1. oktober vert markert med ein Eldrefest der eldre frå heile kommunen deltek. Eldrerådet arrangerar Eldrefesten og pleier planleggja denne på siste møtet før sommaren.

Grunna covid-19 pandemien og framleis smittefare og smitteverntiltak, kan større samkomer vera vanskeleg å arrangera. Eldrerådet vil på møtet 28. mai drøfta og planleggja markering av den internasjonale Eldredagen 1. oktober 2020.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

### OMSORG PLUSS - ORIENTERINGSSAK

#### Vedlegg:

Hefte til Omsorg pluss bebruarane. Oppdatert 2020\_

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

#### Saksopplysningar:

Vaksdal kommune oppretta hausten 2018 fem plassar for Omsorg pluss i 3. et. i Helsehuset. Bueininga vart oppretta ved å nytta seks omsorgsbustadar som var plassert slik at dei naturleg danna ei bugruppe. Den eine omsorgsbustaden vert nytta som fellesareal i bueininga. I Vaksdal kommune hadde ein ikkje hatt dette omsorgstilbodet tidlegare, og ved oppretting av denne bugruppa fekk omsorgstrappa i kommunen eit nytt trinn.

Omsorg pluss omgrepet vert brukt for å skildra eit omsorgstilbod som ligg mellom «vanlege» omsorgsbustadar og institusjonsplass. Mange kommunar har gode erfaringar med denne buforma, og nokre kommunar har satsa mykje på dette tilbodet og bygt ned tradisjonelle institusjonsplassar.

I Omsorg pluss skal det liggja meir tenester/tilbod enn i ordinære omsorgsbustadar. Det mest vanlege er at det er personell til stades på bugruppa store delar av døgnet, og at det er tilbod om felles måltid og aktivitetar. Bebruarane i Omsorg pluss får tildelt plassen gjennom vedtak etter helse- og omsorgstenestelova og ut frå vurdering av helse, funksjonsnivå og hjelpebehov. Dei er definerte som heimebuande i følgje lovverk og betaler husleige der kostnad for ekstra tenester er medteken.

I Vaksdal kommune betalar bebruarar i Omsorg pluss kr. 14.716,- pr. mnd. I denne prisen ligg husleige for eiga leilegheit og del av fellesareal, kommunale avgifter, oppvarming, medisin og medisinsk utstyr, mat og drikke, inkontinensutstyr, vaskeritenester, legetenester og transport som inngår i frikortandel.

I tillegg kjem betaling for praktisk bistand og tryggleiksalarm utrekna etter inntekt. Bebruarane må sjølve betala for: mobil/fasttelefon, fjernsyn i eiga leilegheit, frisørtimar og liknande eigenpleie,

toalettsaker som tannkrem og shampoo, møblar og private klede.

Det vert ikkje betalt for bemanning då denne vert rekna som ein del av heimesjukepleien.

Opphald på sjukeheim er institusjonsopphald. Betaling for institusjonsplass er regulert av forskrift, og pasient betalar ut frå inntektsgrunnlag (G). Betaling for omsorg pluss vert regulert av satsar for kommunal utleige (indeksregulert ein gong i året). Betaling for praktisk bistand vert politisk vedteken årleg i samband med årsbudsjett. Ein person med pensjon på 250.000 i året (ca. 18.000 pr. mnd.) vil betala om lag det same for institusjonsplass og Omsorg pluss. Dei som bur i Omsorg pluss, kan søkja bustøtte slik som andre heimebuande.

Sjå vedlagde hefte for meir informasjon om Omsorg pluss tilbodet i Vaksdal kommune.

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik vil orientera om Omsorg pluss under saka.

# VELKOMEN

Eit hefte til deg som har fått tildelt  
bustad i Omsorg pluss







# I dette hefte finn du praktisk informasjon om det å bu i Omsorg pluss

Maria Kolstad er leiar på avdelinga.

Ho har telefon 488 80 338

og kan nåast mellom

Kl 08.00 – 15.00 på kvardagar



E-post: [maria.kolstad@vaksdal.kommune.no](mailto:maria.kolstad@vaksdal.kommune.no)

Pårørande som kjem på ettermiddag, kan leggje att beskjed på avdelinga. Maria eller gruppeleiar Aina Ulveseth tek kontakt når dei får meldinga.

## Kontaktinformasjon til avdelinga:

Vakttelefon 453 76 282

*Her treff du personalet på arbeid.*

*Adresse:*

*Omsorg pluss, Helsehuset, 3 etg.*

*Bråtet 1, 5722 Dalekvam*

*Du finn oss ved hovudinngongen, dør til høgre. Avdelinga er merka med Omsorg pluss.*



## **Kva betyr det å ha vedtak om Omsorg pluss?**

Omsorg pluss er ei avdeling med omsorgsbustadar som har eiga bemanning tilknytt seg. Det vil sei at ein disponerer ei eiga leilegheit med stove, soverom, kjøkken og bad. I tillegg kan du nytte deg av fellesareal, aktivitetar saman med dei andre bebuarane og felles måltid.

I forkant av vedtak om Omsorg pluss, er det gjort ei grundig kartlegging av hjelpebehovet ditt. Du har gjerne hatt heimesjukepleie over lang tid i eigen heim.

### **Bemanning:**

Personalet har vaktrom i lokala tilknytt fellesstova. Ynskjer du eller dine pårørande kontakt med personalet og ikkje finn dei der, ring på vakttelefonen.

Bebuaren kan nå personalet både på telefon, via tryggleiksalarm eller avtalte besøk. På natt er det heimesjukepleien som har ansvar for avdelinga. Personalet kan nåast på same måte som på dag og kveld. Det er alltid nattevakt tilgjengeleg på huset.

## **Betaling:**

Du får alle utgiftene knytt til Omsorg pluss på ei rekning frå kommunen.

**Fastsum pr 01.01.2020 : 14.716 kr pr måned. I tillegg kjem betaling for praktisk bistand og tryggleiksalarm rekna ut frå inntekt (G-satsar).**

## **Dette inngår i prisen:**

- Husleige og fellesareal
- Kommunale avgifter
- Sentralvarme
- Medisinar og medisinsk utstyr
- Mat og drikke
- Inkontinensutstyr
- Vaskeritenester
- Legetenester
- Transport som inngår i frikortandelen.

## **Dette må du betale utanom:**

- Mobiltelefon/fasttelefon
- Fjernsyn og fjernsynsabonnement i leilegheita
- Frisørtimar og lignande
- Toalettsaker som tannkost, tannkrem, sjampo og anna
- Møblar og private klede

## **Innkomst- og oppfølgingssamtale:**

Tidleg i opphaldet inviterer me til ein innkomstssamtale. Her ynskjer me å finne ut kva du syns er viktig i livet, og korleis me best mogleg kan legge til rette for at du skal ha det godt her hos oss.

Me tilbyr også fast oppfølgingssamtale 1 gong i året.

Pårørande er velkommen i samtalanane dersom du ynskjer det.

Du og din næraste pårørande kan når som helst be om samtale med fastlege eller oss på avdelinga. Ta kontakt, så finn me tid saman.

**Kva er viktig  
for deg?**

## **Mat:**

På avdelinga tek me omsyn til ulike kostallergiar og diagnosar. Du kan ha måltid saman med andre eller i leilegheita, ut frå ynskje og behov. Meny for veka er hengt opp på avdelinga og du finn eige oppslag med tidspunkt for måltida.

Du er velkommen til å ha eige kjøleskap i bustaden og organisere måltida sjølv. Du må då koste innkjøp av matvarene.

## **Oppfølging frå lege:**

Du beheld fastlegen din når du bur i Omsorg pluss, og det er fastlege som har ansvar for den medisinske oppfølginga. Me kontaktar fastlege ved behov og du/dine pårørande kan også kontakte fastlegen når de måtte ynskje. Legane gjer heimebesøk i Omsorg pluss dersom du ikkje kjem deg på legekantoret. Personalet kan fylgje deg på legekantoret dersom ikkje pårørande har anledning.

## **Medisinar:**

Me nyttar i hovudregelen Multidose i Omsorg pluss. Du har medisinane oppbevart i leilegheita om ikkje anna er avtalt med oss. Du kan få hjelp til handtere medisinane eller ta ansvar for desse sjølv. Me avtaler kva som høver ditt behov best.

Me bestiller medisinar og Multidose i namnet ditt. Vaksdal kommune betalar rekningane som kjem. Me ber om tilgong til opplysningar om frikort på Hefo og ynskjer difor at du signerer på ei fullmakt til å hente ut desse opplysningane. Dette for å sikre at du kjem i frikortandelen som heimebuande. Fullmaktskjema får du av oss og me hjelper deg å fylle ut. Om du har verge kontaktar me han/henne for signatur.

Dersom du ynskjer å nytte naturpreparat, må me avklare det med fastlegen din. Som helsepersonell kan me ikkje dele ut naturmedisin utan at dette er godkjent av lege.

### **Tryggleiksalarm:**

Det er installert tryggleiksalarm i alle leilegheitene. Me avtalar korleis det er best for deg å nytte alarmen for å nå oss.

### **Private klede:**

Alle klede må merkast med fornamn og etternamn. Eigne merkelappar til tøy er best egna, men ein kan også nytte merkepenn. Bebuar merker kleda sjølv, eventuelt i samarbeid med pårørande. Kleda vert vaska i lokalt vaskeri. Me gjer merksam på at vaskeriet ikkje tek ansvar for fine stikkekofter og silketøy. Brukstøy må tåla ordinær vask. Alle klede blir

vaska i maskin. Dersom du har fintøy du er redd for, ber me deg om å få dette vaska privat.

### **Sengeklede, vaskedukar og handklede:**

Dette får avdelinga frå eksternt vaskeri. Du treng ikkje halde utstyret sjølv.

### **Fjernsyn:**

Me har fjernsyn i fellesstova med ulike kanalar. Dersom du ynskjer å ha fjernsyn i leilegheita, må du skaffe fjernsyn og fjernsynsabonnement sjølv. Riks-Tv er godt egna, då det er kobla opp kablar i veggane til dette. Du må ha eige abonnement med dei kanalane du ynskjer.

### **Vedlikehald av leilegheitene:**

Leilegheitene er det Vaksdal kommune som eig. Dersom det oppstår feil eller skadar, hjelper me deg å kontakte huseigar. Om privat utstyr vert øydelagt, må du skaffe nytt eller stå for reparasjon sjølv. Vanlege lyspærer held me.



## **Aktivitetar:**

Du er velkommen til å delta på fellesaktivitetar saman med dei andre bebruarane. Me legg også til rette for at ein kan delta på organiserte aktivitetar på huset. Det vert hengt opp oppslag om aktivitetane og du vil også få informasjon om desse av personalet.

Me har ein felles hage i bakgarden, tilknytt omsorg pluss. Her er eit kjekt samlingspunkt på finværsdagar

Du står fritt til å disponere fellesstova så mykje som du ynskjer.

Ved større besøk ber me deg nytte leilegheita di av omsyn til dei andre bebruarane.

## **Hjelpemiddel:**

Ved behov søker me om hjelpemiddel som sjukeseng, rullestol og toalettforhøgar frå Hjelpemiddelsentralen. Me hjelper deg med søknaden og du får låne utstyr me har på lager inntil ditt eige utstyr kjem på plass. Utstyr frå Hjelpemiddelsentralen er gratis.

Ved behov for lenestol med oppreisingsfunksjon, anbefalar me å kjøpe dette på møbelforretning. Den typen ein kan få frå Hjelpemiddelsentralen har strenge kriterie, og den har dårleg sittekomfort.

## **Følgje til timar:**

Ved planlagde timar til frisør, lege, sjukehus, må følgje skje i regi av pårørande. Drosje til legetimar må tingast gjennom legekantoret.

## **Høgtid og ferie:**

Bebuarane står fritt til å forlate Omsorg pluss når dei måtte ynskje. Me ynskjer beskjed når du forlèt avdelinga og når du kjem attende, slik at me kan prioritere arbeidsoppgåvene våre. Om du planlegg å reise på besøk til familie over timar eller døgn, er me takksame for beskjed så fort du veit. Ved behov kan me bestille inn medikament som du kan ha med deg på reise.

## **Primærkontakt:**

To av pleiarane på avdelinga vil bli dine primærkontaktar. Primærkontakt har eit ekstra ansvar for å følgje opp smått og stort som gjeld deg. Du får informasjon om kven primærkontaktane dine er ein av dei første dagane du er hos oss.

## **Teieplikt:**

Alle som arbeider på avdelinga, har teieplikt. Du kan vere trygg for at informasjon om deg ikkje vert spreidd vidare.

Det er kun den du har oppgitt som næraste pårørande, som kan be om møte med oss eller avdelinga, og det skal skje i samråd med deg. Me gjev ikkje ut helseopplysningar til næraste pårørande dersom du ikkje ynskjer det.

Samtykket/godkjenninga må vere skriftleg.

Etter lova kan du berre ha ein journalført som næraste pårørande. Du kan godkjenne at fleire får informasjon frå oss, og du tek med deg dei du ynskjer inn i møte.

## **Besøk**

Du kan få besøk når det passer for deg.

Hovuddøra til Helsehuset er låst mellom 21.00 og 06.00. Då kan gjestane ringe til oss, så opnar me.

Telefonnummer står på utsida av døra.

Det kan vere lurt å ha ein kaffitraktar eller vannkokar i leilegheita om du ynskjer å tilby gjestane drikke når dei kjem

## **Kontantar:**

Då nokre av fellesaktivitetane i regi av til dømes Røde Kors Omsorg kostar litt, kan det vere lurt å ha litt kontantar liggande. Me har ein safe til oppbevaring dersom du ynskjer hjelp til dette.

## **Kva skjer om eg får endring i funksjonsnivå?**

Dersom behovet ditt for hjelp frå tenesta skulle endre seg over tid, vil me vurdere hjelpebehovet ditt opp mot tenestetilbodet i Omsorg pluss. Du kan ha behov for kvardagsrehabilitering i Omsorg pluss, eit opphald på korttidsavdeling eller behov for langtidsopphald i institusjon. Vurderinga vert gjort i samråd med deg, fastlege og personalet i avdelinga. Inntaksnemnda i Vaksdal kommune fattar vedtak.

## **Ved utflytting frå Omsorg pluss:**

Du og dine pårørande står for flytting av møblar og utvask av leilegheita. Hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen tek me ansvar for innleveringa av. Hjelpemidla må reingjerast av dykk i forkant.


Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om innhaldet i heftet eller anna. Me ynskjer ein god dialog med deg og dine pårørande.

## Helsing oss på avdelinga



*Bilde frå 17.mai 2020*

**Følg oss gjerne på Facebook og Friskus**



Du kan lage deg din egen profil på [www.vaksdal.friskus.com](http://www.vaksdal.friskus.com) og følge med på arrangement i Vaksdal kommune. Helsehuset har egen profil og me legg ut aktivitetar som skjer på huset. Du kan også melde deg som frivillig inn i arrangement eller til enkeltoppgåver.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

### COVID-19 PANDEMI - ENDRINGAR I TENESTETILBOD

#### Vedlegg:

Covid-19 prioritering i helse- og omsorgstjenesten 19. mars 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

#### Saksopplysningar:

Då Covid-19 pandemien kom til Noreg i starten av mars, vart det innført strenge smitteverntiltak, og det kom midlertidige forskrifter, prioriteringsråd og pålegg frå sentrale myndigheiter.

Både spesialist- og kommunehelsetenesta måtte gjera endringar i tenestetilbod for å kunne prioritera dei sjukaste med trong for helsehjelp og pleie. Til liks med andre kommunar måtte også Vaksdal kommune redusera tilbod og aktivitet i alle tenesteområda. Det vart gjort både som smitteverntiltak for å begrensa spreiding av viruset, og for å kunne prioritera dei viktigaste oppgåvene med det personell ein hadde tilgjengeleg. Innan helse og omsorg vart oppgåver knytt til å ivareta liv og helse prioritert i tråd med pålegg frå sentrale myndigheiter. Dette var i mange veker heilt nødvendig då fråværet var stort som følge av karantene og sjukefråvær p.g.a. luftvegssymptom. Det personell me hadde tilgjengeleg, måtte nyttast til dei oppgåver som måtte utførast for å ivareta liv og helse.

Avgjerd rundt prioritering vart gjort i samsvar med gjeldande lovverk og føringar, og i dialog med tenestemottakar/pårørande og tenesteutøvarar. KKL (kommunal kriseleiing) med smittevernansvarleg kommuneoverlege og kriseleiinga i helse og omsorg var involvert i avgjerder og omprioriteringar. Melding om endringar vart kommunisert ut til dei det gjaldt og elles generelt gjennom kommunen si nettside, facebook og lokalavis. Informasjon vart også sendt direkte til aktuelle grupper som tilsette, brukarar, påørande, hovduttillitsvalde m. fl.

Dei kommunale råda vart informert gjennom e-post. Eldrerådet fekk 23. mars e-post med informasjon om situasjonen og status i helse og omsorg og vedlegg med informasjon om endringar og omprioriteringar innan tenesteområdet. 26. mars fekk Eldrerådet ny e-post med meir informasjon og vedlagt notat som vart sendt til påørande i institusjon og Omsorg pluss. Medlema i

Eldrerådet vart oppmoda om å ta kontakt dersom det var spørsmål eller innspel, og sekretær tilbydde å arrangera digitalt møte via Teams eller som telefonmøte då Eldrerådet ikkje kunne møtast fysisk grunna smitteverntiltak. 7. mai fekk Eldrerådet vidarendt invitasjon frå Pensjonistforbundet om å delta på webinar om digital heimeoppfølging. Sekretær og leiar har hatt kontakt undervegs.

Status pr. no er at dei fleste tenester og tilbod har starta opp att. Det er framleis nokon brukarar som ikkje ønskjer tenester grunna frykt for smitte. Nokre lågterskel- og gruppetilbod har ikkje starta opp att endå, og sjukeheimane er framleis stengt for besøk innandørs. Unnataket er døyande pasientar som heile tida har fått motteke besøk i avgrensa omfang og med smitteverntiltak.

Det er ikkje registrert klager eller avvik i den perioden tenestetilbodet har vore redusert. Brukarar som har hatt reduksjon i tenestetilbod, har vorte følgt opp med kontakt gjennom telefon og andre digitale kanalar av forvaltningskontor og/eller leiar/ansvarleg for tenestetilbod. Dei som har meldt behov om teneste i perioden med opphold, t.d. trong for reingjering, har fått utført dette.

Tiltak og prioriteringar under koronapandemien vil verta evaluert, både innan helse og omsorg og andre tenesteområde, og også samla i kommunal kriseleiing.

«Prioritering av helsehjelp i Norge under Covid-19 epidemien» (Helsedirektoratet) er vedlagt, og einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik vil orientera under saka.



Til: Helse- og omsorgstjenesten  
Kopi:

Dato: 19. mars 2020  
Saksnr: 20/9019

## Notat

---

Fra: Helsedirektoratet  
Ansvarlig: Bjørn Guldvog

### Prioritering av helsehjelp i Norge under Covid-19 epidemien

#### Bakgrunn

Verden er i en Covid-19 pandemi. Helsetjenesten i Norge forventer en stor vekst i antall pasienter med Covid-19, mange vil være alvorlig syke. Samtidig vil befolkningen ha sine vanlige helseutfordringer. Denne situasjonen vil kunne gi ressursknapphet og stille krav til omstilling, krevende prioriteringer og rasjonering. Situasjonen er dynamisk, og den er ikke lik over hele landet. Ulike kommuner eller helseforetak kan derfor ha ulike utfordringsbilder.

Det er vanskelig å si noe nå om når situasjonen er tilbake til det normale. Notatet gjelder fra publisering til Helsedirektoratet kommer med ny informasjon.

Notatet er utarbeidet og utgitt av Helsedirektoratet. Vi har hatt dialog med og fått gode innspill fra sektoren. Både helsepersonell, ledere i helsetjenesten, fagpersoner med kompetanse innen prioritering, relevante etater og profesjonsforeninger har bidratt. Innholdet i notatet er på et overordnet nivå. Helsedirektoratet vil sammen med helsetjenesten utarbeide mer konkrete prioriteringsanbefalinger for de mest kritiske helsetjenestene.

#### Mål

Målet med dette notatet er å gi beslutningsstøtte til helse- og omsorgstjenesten i prioriteringsutfordringer. Notatet omfatter både ledernivå og den enkelte helsearbeider.

#### Lovforankring

Dagens lovverk, herunder kommunens og spesialisthelsetjenestens sørge for ansvar, vil gjelde som utgangspunkt for prioriteringer også i en krisesituasjon. Kommunen og spesialisthelsetjenesten har ansvar for å sørge for nødvendige helse- og omsorgstjenester og spesialisthelsetjenester, og tjenestene som ytes skal være forsvarlige. Både begrepet "nødvendig" og "forsvarlig" er rettslige standarder, der innholdet i begrepene vil endre seg basert på tilgang til ressurser, utstyr, personell,

kompetanse og andre rammebetingelser. De juridiske rammene for fravikelse og omgjøring vil bli utredet av Helsedirektoratet innen kort tid.

### **Verdigrunnlag og prioriteringskriterier**

En likeverdig tilgang til helsetjenester er et viktig prinsipp for den offentlige helsetjenesten. Kriteriene som legges til grunn for prioriteringer er viktige, nettopp for at fordeling ikke skal skje tilfeldig. Prinsippene for prioritering skal bidra til mest mulig god helse for ressursene i helsetjenesten, rettførdig fordelt.

I Norge ble prioriteringskriterier for spesialisthelsetjenesten forskriftsfestet i 2000. De tre kriteriene var *sykdommens alvorlighetsgrad, forventet nytte og en vurdering av forholdet mellom kostnad og effekt*. I 2016 justerte og presiserte Stortinget kriteriene<sup>1</sup>. De tre gjeldende kriteriene er: *nyttekriteriet, ressurskriteriet og alvorlighetskriteriet*. I 2018 ble NOU'en om prioritering i kommunal helse- og omsorgstjeneste levert<sup>2</sup>. Overordnet anbefaler den at de samme kriteriene brukes.

Alder er ikke et selvstendig prioriteringskriterium, men kan sees i sammenheng med kriteriene. Kriteriene gjelder for alle pasienter uavhengig av diagnose.

### **Prioriteringskriterier i en krisesituasjon**

I en krisesituasjon gjelder de samme prioriteringskriteriene som ellers.

Nasjonal beredskapsplan<sup>3</sup> drøfter etiske utfordringer ved utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer. Tilbud om behandling ved ressursknapphet bør følge de samme prinsipper som ellers, men det åpnes for at samfunnet i spesielle situasjoner prioriterer utøvende helsepersonell og definerte nøkkelpersoner. Dette er i tråd med regjeringens pandemiplan<sup>4</sup>.

### **Helsedirektoratets vurdering**

Prioriteringsmeldingen og regelverket for helsetjenesten beskriver normalsituasjonen. I en krisesituasjon kan samfunnsperspektiv bli tillagt større vekt. Helsedirektoratet mener at dagens vedtatte prioriteringskriterier som hovedregel bør gjelde. Særlig fortrinn vil likevel kunne tre inn ved rød beredskap.

### **Generelle overveielser for pasientbehandling ved pandemier**

For å hindre smitte i helseinstitusjoner bør pasienter i minst mulig grad fysisk møte opp hos helsetjenesten, unntatt ved helt livsnødvendig øyeblikkelig hjelp. Alle former for planlagte polikliniske kontroller av pasienter med stabil sykdom kan utsettes. Det skal være en individuell vurdering av om kontrollen kan utsettes eller gjennomføres som telefonkonsultasjon.

Pasienter i risikogrupper skal heller ikke, så vidt mulig, møte fysisk hos helsetjenesten. Dette kan gjelde også de som ikke har stabil sykdom. For eksempel bør pasienter med hjertesvikt eller kronisk obstruktiv lungesykdom som har behov for oppfølging, tilbys telefonkonsultasjon/ videokonsultasjon i den grad det er mulig.

---

<sup>1</sup> Meld. St. 34 (2015–2016) – Verdier i pasientens helsetjeneste

<sup>2</sup> NOU 2018:16 det viktigste først

<sup>3</sup> Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer. HOD. 2019

<sup>4</sup> Nasjonal beredskapsplan pandemisk influensa, 2014

Etiske utfordringer ved avslutning/ending av behandling, skal drøftes i fagmiljøet. Pasientene skal uansett gis lindrende behandling og verdig oppfølging.

Det må planlegges for å sikre en verdig omsorg for døende. Døde skal behandles respektfullt.

### **Spesialisthelsetjeneste**

#### *Somatisk helsetjeneste*

Pasienter må i størst mulig grad behandles på sitt lokalsykehus. Kun utvalgte pasienter som har behov for nødvendig helsehjelp som ikke kan gis lokalt, kan overføres etter avtale til et høyere nivå.

Planlagte inngrep (innleggelser og dagbehandling) bør opphøre inntil videre. Det kan gis unntak dersom dette gir store/alvorlige konsekvenser for pasienten. Dette må vurderes/prioriteres opp mot det totale behovet for intensivkapasitet.

Planlagte polikliniske konsultasjoner begrenses til et "absolutt nødvendig nivå". Dette gjelder også radiologi.

Screeningundersøkelser opphører inntil videre.

Operasjoner hvor det må benyttes respiratorer eller ha respiratorberedskap, eller hvor pasienten postoperativt sannsynligvis vil få behov for intensiv behandling, må vurderes kritisk.

Vanskelige prioriteringsutfordringer på sykehus kan tas opp med de kliniske etiske komiteene (KEK)<sup>5</sup>. Ledere av KEK på hver institusjon bør forberede seg på hastesaker.

#### *Psykisk helse og rus (TSB)*

Planlagte innleggelser og dagbehandling bør opphøre inntil videre.

Dette kan få konsekvenser for mange pasienter, og påvirke kommunens tjenester. Kommunikasjon mellom nivåene blir viktig. Det kan gjøres unntak ved alvorlige konsekvenser for pasientene og/eller andre.

Planlagte poliklinisk konsultasjoner minimaliseres/begrenses til et "nødvendig nivå", det vil si tiltak som er nødvendig for å ivareta liv og helse.

Prioriterte grupper: barn og unge, samt pasienter med alvorlig psykisk lidelse og/eller alvorlig rusmiddelproblem.

#### *Habilitering/rehabilitering*

All helsehjelp i spesialisthelsetjenesten innen habilitering og rehabilitering som medfører fysisk oppmøte av pasient, eller annen direkte kontakt mellom rehabiliteringspersonale og pasient, opphører inntil videre.

Unntak: tidlig rehabilitering etter hjerneslag, samt andre akutte rehabiliteringsforløp for alvorlige tilstander som f.eks. tverrsnittslesjon, hodeskade, multitraumer (etter f.eks. trafikkulykker) og amputasjoner.

---

<sup>5</sup> <https://www.med.uio.no/helsam/tjenester/kunnskap/etikk-helsetjenesten/praksis/kek/>

### **Samhandling mellom tjenestenivå**

Den enkelte kommune må sikre et tett samarbeid med lokalsykehus om akutt innleggelse og utskrivning av pasienter. Det må etableres samhandlingskanaler med rask 24/7 respons fra begge parter.

Spesialisthelsetjenesten må ha en lav terskel for rådgivning til kommunene i håndtering av akutt syke pasienter. Mulighet for å unngå innleggelse på sykehus bør vurderes i hvert enkelt tilfelle.

Kommunene må forberede seg på raskt å kunne ta ut pasienter fra sykehus, de kommunale øyeblikkelig hjelp plassene må utvides i antall og forsterkes med riktig kompetanse.

### **Kommunal helse- og omsorgstjeneste**

Oppgaveforskyvning fra spesialisthelsetjenesten som følge av redusert tilgjengelighet og kapasitet, vil føre til at flere pasienter må få behandling i kommunen.

#### *Allmennlegetjenesten og legevakt*

Fastlegen skal ivareta innbyggere med behov for legetjenester, både som følge av Covid-19 og andre akutte og kroniske medisinske tilstander. Nødvendig behandling av akutte tilstander og forverring av alvorlig kronisk sykdom, inkludert palliasjon skal fortsatt være en prioritert fastlegeoppgave.

I en situasjon hvor kapasitet i fastlegetjenesten forverres betydelig, vil kun pasienter med behov for akutt og livsnødvendig helsehjelp bli prioritert.

I tillegg vil det være behov for større grad av annet helsepersonell i fastlegepraksisen og økt legebemannning for å bistå i håndteringen av pasienter med alvorlige sykdomsforløp og betydelig komorbiditet.

Når det gjelder legevakt, vil terskelen for akutt helsehjelp heves, slik at behovet for triagering blir betydelig. I situasjoner med betydelige kapasitetsutfordringer vil kun kritisk syke pasienter få hjelp, mens andre må vente.

#### *Institusjon (sykehjem, omsorgsbolig) og hjemmetjenester*

Beboere i institusjoner/sykehjem skal sikres medisinsk faglig oppfølging. Akutt behandling skal så langt råd er iverksettes i institusjonen uavhengig av diagnose.

Pasienten skal så langt det er mulig og medisinsk forsvarlig, behandles i sykehjemmet og det bør etableres en ordning med veiledning fra spesialisthelsetjenesten. Pårørende skal så langt råd er involveres i beslutningen om overføring til spesialisthelsetjenesten.

- Det bør innføres høyere terskel for akuttinnleggelser fra legevakt og andre deler av primærhelsetjenesten.
- Kommunal helsetjeneste må planlegge for å ta imot flere pasienter fra sykehus.
- Det må påregnes å måtte prioritere strengere mellom pasientene i sykehjem og brukerne av hjemmetjenester.
- Dagens rettighetsbestemmelser i lov/forskrift må kunne fravikes og vedtak om tildeling av tjenester må kunne omgjøres for å kunne omprioritere ressurser

hvis nødvendig. De juridiske rammene for omgjøring og fravikelse må utredes nærmere.

- Ved behov, må en institusjon eller avdeling omdefineres for behandling og omsorg til alvorlig syke med Covid-19 infeksjon.
- Pasienter i sykehjem som blir syke med Covid-19 bør behandles i sykehjemmet.
- Personer med alvorlig sykdom i livets slutfase skal behandles i egen bolig, med mindre det er særlig tungtveiende grunner for at innleggelse i sykehus åpenbart vil forlenge livet og gi økt livskvalitet.
- Hjemmetjenesten må prioritere de pasientene som har størst behov for helsehjelp.

### *Psykisk helse og rus*

Opplevelse av ekstra sårbarhet, selvmordsproblematikk og psykoseutvikling kan trigges i krisetid.

- Barn av psykisk syke/rusmisbrukere må ivaretas
- Lavterskeltilbud må opprettholdes for å gi tilbud til de mest sårbare personene og for å avdekke alvorlig sykdomsutvikling
- Samhandling mellom kommunal helse- og omsorgstjeneste og spesialisthelsetjenesten må sikres for oppfølging av denne pasientgruppen.

### *Tannhelse*

Befolkningen vil ha behov for tilgang til akutt nødvendig tannhelsehjelp. Annen tannbehandling skal utsettes der det er faglig forsvarlig.

### *Helsestasjon, skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom*

- Alle nyfødte skal følges opp med avtalt kontaktform ut fra mor/barn situasjon
- 6 ukers konsultasjon med lege og helsesykepleier gjennomføres
- Barnevaksinasjonsprogrammet skal gjennomføres
- Barn og unge med spesielle behov eller familier det er bekymring for, følges opp.

### *Gravide*

- Svangerskapskonsultasjoner for gravide prioriteres om mulig
- Det skal gis prioritet til gravide som har påvist sykdom eller er i risiko for å utvikle sykdom eller skade for seg selv og fosteret eller barnet på sikt
- RHneg kvinner må få profylakse og nødvendig oppfølging
- OGTT ( glukosebelastning) bør gjennomføres av gravide som tidligere har hatt svangerskapsdiabetes eller andre svangerskapsassosierte risikofaktorer, har foreldre eller søsken med diabetes, har etnisk bakgrunn utenom Europa, fedme  $KMI \geq 30$
- Konsultasjoner til gravide der det er knyttet usikkerhet rundt fosterets trivsel og vekst skal prioriteres
- Konsultasjoner som sikrer at barselkvinner og nyfødte får forsvarlig oppfølging etter fødsel skal prioriteres.

## **Vedlegg 1**

### **Tekstlig beskrivelse av prioriteringskriteriene**

(Fra: Meld. St. 34 (2015–2016) – Verdier i pasientens helsetjeneste )

Prioriteringsmeldingen grupperer beslutninger i helsetjenesten i fire nivåer: kliniske-, gruppe-, administrative- og politiske-beslutninger. Meldingen sier at de samme prioriteringskriteriene skal brukes i beslutningssituasjoner på alle nivåer i spesialisthelsetjenesten.

#### *Nyttekriteriet*

Et tiltaks prioritet øker i tråd med den forventede nytten av tiltaket. Den forventede nytten av et tiltak vurderes ut fra om kunnskapsbasert praksis tilsier at tiltaket øker sannsynligheten for:

- overlevelse eller redusert funksjonstap
- fysisk eller psykisk funksjonsforbedring
- reduksjon av smerter, fysisk eller psykisk ubehag
- økt fysisk, psykisk og sosial mestring (NOU Blankholmutvalget)

#### *Ressurskriteriet*

Et tiltaks prioritet øker desto mindre ressurser det legger beslag på. Ressurskriteriet skal ikke brukes alene, men sammen med de to andre hovedkriteriene for prioritering.

#### *Alvorlighetskriteriet*

Et tiltaks prioritet øker i tråd med alvorligheten av tilstanden. En tilstands alvorlighet vurderes ut fra:

- risiko for død eller funksjonstap
- graden av fysisk eller psykisk funksjonstap
- smerter, fysisk eller psykisk ubehag
- graden av fysisk, psykisk og sosial mestring.

Både nå-situasjonen, varighet og tap av fremtidige gode leveår har betydning for graden av alvorlighet.

Graden av alvorlighet øker jo mer det haster å komme i gang med tiltaket/helsehjelpen.

#### *Samlet vurdering av kriteriene*

Prioriteringskriteriene skal vurderes samlet og veies mot hverandre. Jo mer alvorlig en tilstand er eller jo større nytte et tiltak har, jo høyere ressursbruk kan aksepteres. Lav alvorlighet og begrenset nytte av et tiltak kan bare forsvares hvis ressursbruken er lav.